



 DEFINISJON AV EIT BARN	 INGA DISKRIMINERING	 DET BESTE FOR BARNET	 OPPFYLNING AV BARNERETTANE	 UTVIKLINGA TIL BARNET UNDER RETTLEIING AV FAMILIEN	 LIV, OVERLEVING OG UTVIKLING	 NAMN OG NASJONALITET
 IDENTITET	 Å HALDE FAMILIEN SAMLA	 KONTAKT MED FORELDRE I UTLANDET	 VERN MOT KIDNAPPING	 RESPEKT FOR BARNET SITT SYNSPUNKT	 YTRINGSFRIDOM	 TANKE- OG RELIGIOSFRIDOM
 STARTE ELLER DELTA I GRUPPER	 RETT TIL PRIVATLIV	 TILGANG TIL INFORMASJON	 FORELDREANSVARET	 VERN MOT VALD	 BARN UTAN FAMILIE	 ADOPTERTE BARN
 BARN PÅ FLUKT	 BARN MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE	 HELSE, VATN, MAT, MILJØ	 VURDERING AV BARNET SIN BUSTAD	 SOSIAL OG ØKONOMISK HJELP	 MAT, KLEDE OG EIN TRYGG HEIM	 TILGANG TIL UTDANNING
 MÅL FOR UTDANNINGA	 MINORITETS-KULTURAR, SPRÅK OG RELIGION	 KVILE, LEIK, KULTUR, KUNST	 VERN MOT SKADELEG ARBEID	 VERN MOT NARKOTIKA	 VERN MOT SEKSUELT MISBRUK	 HINDRING AV MENNESKEHANDEL
 VERN MOT UTNYTTING	 BARN I FENGSEL	 VERN I KRIG	 HJELP ETTER MISBRUK OG SKADE	 BARN SOM BRYT LOVA	 DEN BESTE LOVA FOR BARN GJELD	 ALLE MÅ KJENNE RETTANE SOM BARNA HAR

43-54



KORLEIS KONVENSJONEN FUNGERER

# BARNERETTANE

## FNS KONVENSJON OM BARNERETTANE

Alle barn skal registrerast når dei blir fødde, og få eit namn som er godkjent av styremaktene. Barn må ha eit statsborgarskap (høyre til eit land). Når det er mogleg, skal barna vite kven foreldra er og bli passa på av dei.	Alle barn har rett til å leve. Styremaktene skal sjå til at barn overlever og utviklar seg på best mogleg måte.	Styremaktene skal la familiene og lokalsamfunna rettleie barna i bruken av rettane. Rettleiinga skal følge utviklinga til barna. Jo eldre barna blir, di mindre rettleiing treng dei.	Styremaktene skal gjere alt dei kan for at alle barn i landet får oppfylt rettane i denne konvensjonen.	Når vaksne bestemmer noko, skal dei alltid tenkje på kva som er best for barna. Styremaktene skal sørge for at barn blir beskytta og passa på av foreldra sine eller andre vaksne når det er behov for det. Styremaktene skal sørge for at dei som passar på barn, gjer ein god jobb.	Barnerettane gjeld alle barn, uansett kven dei er, kor dei bur, kva språk dei snakkar, kva religion dei høyrer til, kva dei tenkjer, korleis dei ser ut, kva kjønn dei har, om dei har ei funksjonshemming og om dei er rike eller fattige. Dei gjeld også same kva foreldre eller familie dei har, og same kva desse foreldra eller familiemedlemmane måtte tru på eller gjøre. Ingen barn skal behandlast urettferdig, uansett grunn.	Alle under 18 år blir rekna som barn.
Barn kan tenkje det dei vil, meine det dei vil og ha den religionen dei vil, så lenge det ikkje går ut over rettane til andre. Foreldre kan rettleie barna sine i bruken av denne retten. Jo eldre barna blir, di mindre rettleiing treng dei.	Barn har rett til fritt å dele med andre det dei lærer, tenkjer og føler – anten ved å snakke, teikne, skrive eller på andre måtar – så lenge det ikkje skader andre.	Barn har rett til fritt å seie si meining i alle saker som angår dei. Vaksne skal lytte til synspunkta som barnet har, og ta desse på alvor.	Styremaktene skal hindre at barn blir tekne ulovleg ut av landet – til dømes at barn blir kidnappa av nokon, eller blir haldne i utlandet av ein forelder utan at den andre forelderen har gått med på dette.	Viss eit barn bur i eit anna land enn foreldra sine, skal styremaktene la barnet og foreldra reise, slik at dei kan halde kontakt og vere saman.	Barn skal ikkje bli skilde frå foreldra sine, med mindre dei ikkje blir passa godt nok på – til dømes viss ein forelder skader eller ikkje tek vare på barnet, eller viss foreldra ikkje bur saman. Barn har uansett rett til kontakt med begge foreldra, med mindre det ikkje er bra for barnet.	Barn har rett til eigen identitet – dokument som viser kven dei er, kva dei heiter, kva statsborgarskap dei har og kven dei er i familie med. Ingen har lov til å ta frå dei dette, men viss det likevel blir gjort, skal styremaktene hjelpe barna å raskt få tilbake identiteten sin.
Når barn blir adopterte, er det viktigaste å gjøre det som er best for dei. Dersom eit barn ikkje kan bli teke godt nok vare på i sitt eige land – til dømes ved å bu hos ein annan familie – kan dei bli adopterte til eit anna land.	Alle barn som ikkje kan bli tekne vare på av sin eigen familie, har rett til å bli tekne godt vare på av vaksne som respekterer barnet på alle måtar, både med omsyn til religion, kultur, språk og andre livsforhold.	Styremaktene skal hindre at barn blir utsette for vald, misbruk og omsorgssvikt frå dei som skal passe på dei.	Det er foreldra som har hovudansvaret for oppveksten til barna sine. Dersom eit barn ikkje har foreldre, har andre vaksne ansvarret. Desse blir kalla «verjer». Foreldre og verjer skal alltid tenkje på kva som er best for barnet. Styremaktene skal hjelpe dei. Når eit barn har begge foreldre, skal begge vere ansvarlege for oppveksten til barnet.	Alle barn har rett til å få informasjon frå Internett, radio, tv, aviser, bøker og andre kjelder. Vaksne skal sørge for at informasjonen som barna får, ikkje er skadeleg. Styremaktene skal oppfordre media til å dele informasjon frå mange ulike kjelder, på eit språk som alle barn kan forstå.	Alle barn har rett til privatliv. Barn skal ikkje bli utsette for innblanding i privatlivet sitt, i familien, i heimen eller i kommunikasjonen sin, og ingen har rett til å skade ryktet deira.	Alle barn kan møte andre og bli med i eller starte grupper eller organisasjonar så lenge det ikkje skader andre menneske.
Alle barn har rett på utdanning. Grunnutdanninga skal vere gratis. Vidaregåande skule og høgare utdanning bør vere tilgjengeleg for alle barn. Barn bør bli oppmuntra til å ta utdanning på eit høgast mogleg nivå. Disiplin i skulen må respektere rettane som barna har, og det skal aldri brukast vald.	Barn har rett til mat, klede og ein trygg stad å bu, slik at dei kan utvikle seg på best mogleg måte. Styremaktene skal hjelpe familiar og barn som ikkje har råd til dette.	Styremaktene skal sørge for pengar eller anna støtte til barn frå fattige familiar.	Alle barn som ikkje bur heime fordi dei treng omsorg, vern eller helsehjelp, har rett til å få situasjonen sin sjekka med jamne mellomrom der dei bur. Dette for å sjå til alt går bra og at dette framleis er den beste staden for barnet å vere på.	Barn har rett til best mogleg helsehjelp, reint drikkevatn, sunn mat og eit rent og trygt miljø å bu i. Alle vaksne og barn skal ha informasjon om korleis dei kan halde seg trygge og sunne.	Alle barn med funksjons-hemming har rett til å leve eit fullverdig og best mogleg liv. Styremaktene skal fjerne alt som hindrar funksjonshemma barn i å bli sjølvstendige og delta aktivt i samfunnet.	Alle barn som flytta frå heimlanda sine til eit anna land som flyktningar (fordi det ikkje var trygt for dei å bli buande i heimlandet), skal få hjelpe og vern og ha dei same rettane som barn som er fødde i det landet.
Styremaktene skal sørge for at barn ikkje blir kidnappa, selde eller tekne med til andre land eller stader for å bli utnytta.	Styremaktene skal beskytte barn mot alle former for seksuell utnytting og misbruk, inkludert mot menneske som tvingar barn til å ha sex mot betaling, eller som tek seksualiserte bilete eller filmar av dei.	Styremaktene skal beskytte barn mot å bruke, lage, frakte eller selje narkotika	Barn har rett til å bli beskytta mot arbeid som er farleg, eller som går ut over skulegangen, helsa eller utviklinga deira. Dersom barn arbeider, har dei rett til å vere trygge og til å få rettferdig løn.	Alle barn har rett til kvile, fritid og leik, og til å vere med på kulturelle og kreative aktivitetar	Alle barn har rett til å bruke sitt eige språk og sin egen kultur og religion – sjølv om desse er annde enn hos fleirtalet i landet der dei bur	Utdanning skal hjelpe barna å utvikle personlegdomen sin, evnene og eigenskapane sine fullt ut. Gjennom utdanninga skal barna lære om sine eigne rettar, og lære å respektere rettane til andre, andre kulturar og at folk er ulike. Utdanninga skal hjelpe barn til å leve i fred og ta vare på miljøet.
Styremaktene skal sørge for at barn og vaksne kjenner til denne konvensjonen og veit kva rettar barn har.	Dersom lovene i landet gir barna betre rettar enn denne konvensjonen, skal desse lovene gjelde i staden.	Barn som blir skulda for å bryte lova, har rett til å få hjelpe av advokat og å bli behandla rettferdig. Det bør finnast mange ordningar for å hjelpe desse barna til å bli gode medlemmar av samfunnet. Fengsel skal vere siste utveg.	Barn har rett til hjelpe dersom dei har blitt skadde, forsømde, utnytta, behandla dårleg eller påverka av krig, slik at dei kan bli friske att og få tilbake sjølvrespekten.	Barn har rett til å bli beskytta i krig og konflikt. Ingen barn under 15 år får vere med i forsøret eller delta i krigføring	Barn som blir skulda for løvbrot, skal ikkje bli drepne, torturerte, behandla stygt, dømde til livstid i fengsel eller sette i fengsel saman med vaksne. Fengsling skal alltid vere siste utveg og være kortast mogleg. Barn i fengsel skal få juridisk hjelpe og høve til å halde kontakt med familiene sine.	Barn har rett til å bli beskytta mot all utnytting – også former for utnytting som ikkje er nemnde særskilt i denne konvensjonen.
42	41	40	39	38	37	36

# FNS KONVENTSJON OM BARNE-RETTANE

## FNS KONVENTSJON OM BARNE-RETTANE – BARNEVERSJON (NYNORSK)

FNs konvensjon om barnerettane er ein viktig avtale mellom land som har lova å verne om rettane til barn. Ein konvensjon er ein avtale mellom fleire land og folk.

I konvensjonen om barnerettane forklarer ein kven som blir rekna som barn, kva rettar dei har og kva ansvar styremaktene har. Alle rettane heng saman og er like viktige, og ingen barn skal bli fråtekne ein eneste av dei.

Denne teksten er støtta av FNs barnekomité.



43-54

I desse artiklane blir det forklart korleis styremaktene, FN – inkludert FNs barnekomité og UNICEF – og andre organisasjonar arbeider for at alle barn skal få oppfylt alle rettane sine.